

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

**Saksmappe** **Saksbehandlar**

2005/4932 Tore Eik

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
	Formannskapet	

## Forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark og tilhørende landskapsvernområde - høyring

### Innstilling frå rådmannen:

Kvinnherad kommune viser til saksutgreiinga og meiner at:

1. Forvaltningsplanen er svært detaljert og gjev lite handlingsrom for moderne landbruksdrift, turistnæringa og eit friluftsliv tilpassa alle funksjonsnivå. Planen må leggja meir tilrettes for berekraftig lokal verdiskaping.
2. I brev av 14.12.2009 inviterer Miljøverndepartementet kommunane til å delta i utvikling av lokal forvaltning av verneområda. Forvaltningsplanen for Folgefonna nasjonalpark og landskapsvernområda må tilpassast ein slik forvaltningsmodell.
3. Planen må rullerast og eventuelt reviderast regelmessig. Første rullering: seinast 31.12.2015.

### Saksutgreiing:

Kommunen har fått forslag til forvaltningsplan til uttale. Heile planen er lagt ut på Fylkesmannen i Hordaland sine heimesider. Sjå link på Kvinnherad kommune si heimeside.

Folgefonna nasjonalpark og dei fire landskapsvernområda vart verna i 2005. I oktober vart det meldt oppstart for arbeidet med forvaltningsplanen. Under planprosessen har det vore arrangert møte med grunneigarane, organisasjonar, næringsliv, ulike kraftlag og kommunane.

Direktoratet for naturforvaltning har hatt forvaltningsplanen til fagleg vurdering. Siste versjon av planen vart lagt fram for referansegruppa i oktober 2009. Etter offentleg høyring vil Fylkesmannen i Hordaland vurdere eventuelle innspel og merknader, før planen vert sendt Direktoratet for naturforvaltning for endeleg godkjenning.

### Kommentar til planen.

- På side 14 vedkomande verneformålet står det: *Ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.* Rådmannen meiner at ei slik formulering kan verka ekskluderande og utelukka store grupper frå å koma ut i området. Det er ikkje alle som reint fysisk er i stand til å ferdest i område som ikkje skal tilretteleggjast. I Briksdalen har ein t.d. opna for trafikk med tilpassa køyretøy.
- Retningslinjer for vedlikehald av stølsbygningar og liknande verkar for detaljerte og rådmannen meiner dei vil verta vanskelege å praktisera.
- Planen forutset at beiting i verneområda bør skje med dei husdyrrasar og i same omfang som var vanleg i hundreåret før vernevedtaket. Det skjer for tida ein sterk endring i landbruket mot færre og større einingar og det er grunn til å tru at dette vil halda fram. Færre folk og større einingar gjer at ein må kunna driva beita på annan måte enn ein gjorde tidlegare. Stikkord kan her t.d. vera meir bruk av gjerde og krav om å opna for motorisert ferdsel i samband med tilsyn.
- Rådmannen meiner det vert lagt for sterke restriksjonar på bruk av hest og sykkel. Auka bruk kan gje både store naturopplevingar og grunnlag for næring.
- Forvaltningsplanen må ikkje hindra utvikling av lokalt næringsliv. Til dømes vert det for Olaløo "opna for" 15 turar i samband med servering. Slike retningslinjer gjer det svært vanskeleg å utvikla verksemda.
- For Hattebergsdalen landskapsvernområde står det mellom anna " Elvenær gråoreskog skal ikkje hoggast". Ei slik formulering må vurderast opp mot flaumsikring og må avklarast med NVE.
- Det vert i lagt restriksjonar på drift i skogen. Skog er ein langsiktig produksjon og må vurderast ut frå det. Det er og vanskeleg å driva plukkhogst med tanke på å ta vare på enkelte treslag og å auka alder på skogen. Slik hogst vil lett føra til at vind og ver øydelegg den skogen ein ynskjer å ta vare på.
- Reint generelt meiner rådmannen at planen er for detaljert og at det vert lagt opp til for mykje sentralstyring. Naturen i områda er sterkt prega av arbeidet lokale bønder har lagt ned i generasjonar. Skal ein ta vare på dette er det avgjerande at det lokale landbruket ser på utmarka som ein positiv ressurs. Strenge retningslinjer og overstyring frå sentralt kan passivisera det lokale landbruket i høve til utmarksområda. Skal ein ta vare på landskapet må ein stimulera landbruket og dei som ynskjer å driva næring i området.

#### **Uttale frå Eldrerådet:**

Har ikkje fått saka framlagt for uttale

#### **Uttale frå Rådet for dei funksjonshemma:**

Har ikkje fått saka framlagt for uttale

#### **Økonomisk konsekvens:**

Ikkje aktuelt

#### **Miljømessig konsekvens:**

Ikkje aktuelt

#### **Vedlegg:**

Ingen vedlegg, det vert vist til Kvinnherad kommune si heimeside der forslag til forvaltningsplan er utlagt.